

Kommentar til høyringsnotat om endring i lov av  
17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar.

Rett til barnehageplass er eit godt lovforslag i høve til born og familiar.

I høve til barnehagane seier lovforslaget lite om korleis to inntak pr. år skal gjennomførast i barnehagane. Dersom nokre barnehagar må/bør gå med ledig kapasitet, kven dekkar då evt. inntektstapet????

Ingen av alternativa til finansiering av private barnehagar er gode nok.

Dette fordi:

- Forskrifta om likeverdig behandling av bhg i høve offentleg tilskot vert foreslått oppheva når rammefinansieringa av sektoren inntreer slik at denne finansieringa ikkje sikrar private barnehagar økonomisk likebehandling
- Kommunal finansieringsplikt i høve nye lovbestemmelsar vil sikre at det vert laga reglar som fører til lik behandling av dei ikkje - kommunale - barnehagane innan same kommune. Bestemmelsane vil likevel ikkje sikra at alle ikkje - kommunale - barnehagar over heile landet vert behandla likt, men opner for ulike løysningar i dei ulike kommunane. Slik kommunane jobbar ulikt i dag med tanke på tildeling av kommunalt tilskot vil truleg gjenspegle rammefinansieringa.
- Høyringsnotatet skriv ingenting om at driftstilskota skal vera forutsigbare
- Høyringsnotatet seier heller ingenting om korleis private barnehagar skal kunna etterprøva/kontrollera at tildelt tilskot er rett
- Kven skal godkjenne at dei lokale kommunale forskriftene vert godkjente etter at dei er utarbeidde av den enkelte kommune slik at me veit at ordninga skal vera i tråd med reglane om offentleg støtte, og at pengane vert nytta i samsvar med formålet og at dei kjem barna til gode?

- Kven skal sikra at det ikkje skjer ein overkompensasjon, og i det heile definera kva støttebeløp som er naudsynt i den enkelte barnehage når kommunane no skal få leggje eigne forskrifter til grunn og definera kva det kostar for å drifta barnehageplassar?

Høyringsnotatet nyttar ord/setningar som:

- *"...antar departementet at kommunen vil sikre de ikke-kommunale barnehagene en tilstrekkelig og forutsigbar finansiering...." s. 29/4*
- *"Departementet mener at felles nasjonale mål vil til en viss grad sikre likebehandling av ikke-kommunale barnehager." s. 30/5*

Når me les høyringsnotatet vert me noko usikre på om private barnehagar er sikra eit reelt driftstilskot. Høyringsnotatet er for lite konkret og legg mykje av vurderinga opp til kommunane. I dag er det store ulikheitlar kommunar imellom og eit slikt lovforslag vil berre forsterka dette.

For at systemet for utdeling av driftstilskot skal vera sikkert og forutsigbart, bør kommunane basera tilskota på det som me har i dag, altså tilskot i høve til borna si opphaldstid i barnehagen og alderen deira. På denne måten kan me planlegga drifta og ha ei forutsigbar inntekt.

Marianne Gjerald, styrar

Bordalen barnehage, Voss